

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2011

Ole G Nord-Varhaug

Side 2

4H leir

Side 6-7

Håndball

Side 10-11

Varhaug- marken

Side 18



17. mai midtsidene



Ole G. Nord-Varhaug



Før ...



... og nå

Varhaugbuen har vore på besøk hos vel den eldste bedrifta på Varhaug, og der vart eg teken vel imot av Magnus og John Arild, 2. og 3. generasjon, og vart synt rundt både i fabrikklokala og kontoret.

(Heime har eg ei gild bok frå 1950 som heiter ”Det norske næringsliv” Der finn ein informasjon om butikkar/næringsdrivande i Varhaug herad, som det heitte den gongen med 16 på Varhaug og 13 på Vigrestad. Om O.G. Nord-Varhaug var det skrive slik: ”Smie og mekanisk verksted. Firmaet ble startet i 1938 av nåværende innehaver O.G. Nord-Varhaug. Virksomheten omfattet ved starten vesentlig reparasjon av landbruksmaskiner, men er senere gått over til fabrikasjon av potetopptagere. Videre fabrikeres høyavlessere for motordrift. Kundekrets vesentlig Varhaug med omegn, men firmaet har også hatt leveranse over hele Vestlandet. Firmaet beskjeftiger 2 personer og drives i egen eigedom”

I dag heiter firmaet Ole G. Nord-Varhaug & Co as, men eg trur at både Varhaug folk og andre berre seier ”sjå Ole G”.

I dag har firmaet 14 tilsette, med ein fast på kontoret. Men både sonen til Ole G. – Magnus – og sonen hans igjen – John Arild – vekslar med å vera på kontoret og verkstaden, eller kanskje rettare; fabrikkhallane. Og her er det store dimensjonar: sveisehallen på 1400 m² og maskinhallen på 900 m². Men det treng ein og for å husa mellom anna ein Borrverk – ein frese, bore og dreiemaskin på heile 93 tonn. Denne maskinen kom

frå Spania, og 2 mann frå fabrikkjen i Baskerland var to månader på Varhaug for å setja maskinen saman og klar til bruk. Den kom nemleg i fleire deler, og den største var så stor at dei måtte ta hol i taket for å heisa den inn. Magnus og co er ikkje berre dyktige arbeidsfolk, dei er og kanskje kreative. I staden for å leggja nytt tak i holet, vart det glas og ei god lys sjakt! Eg har ikkje stor greie på mekaniske ting, men denne kolossen imponerte meg. Den er fullautomatisk, og har ein fantastisk stor ”verktøykasse” der den hentar fram det verktøyet den treng alt etter kva den vert programmert til.

Rett etter 2. verdskrigen starta dei med produksjon av ein potetopptakar – for ein hest - med namnet Jærbu. Denne vart produsert like fram til 1957, og den siste vart selt i 1958.

I 1960 starta Ole G., som ei av dei første, til å levera deler til Brøyt. Dette badla på seg, og ei tid gjekk 80% av produksjonen til Brøyt. Ca 40 andre bedrifter hadde og deleproduksjon til Brøyt, så det var nok fleire som sleit då dette tok slutt.

Ole G. har, som mange andre bedrifter, vore gjennom harde tider sidan oppstarten i 1938. Men dei har klart seg gjennom motgangen, og er i dag

ei livskraftig bedrift med store oppdrag for offshorerelatert verksemd i Nordsjøen og andre leveransar til maritim industri. Og her er det snakk om oppdrag av store dimensjonar. Ole G. har både kompetanse, veileigna fabrikk lokale og ikkje minst; Varhaug ligg og gunstig til i høve oljeindustrien.

Spesialområdet til Ole G. er sveising, platearbeid, pressing, valsing, klipping, kapping, skjerebrenning, stansing, dreining, boring og fresing. Med investering i ein fleksibel maskinpark og med gode fagfolk kan bedrifta ta på seg både store og varierte oppdrag. Mellom anna er dei underleverandør til Komatsu på Kvernaland, som igjen leverar slitedelar til anleggsmaskinar over heile verda. Slett ikkje verst for ei lita verksemd frå Varhaug, men dette seier vel og ein del av kvaliteten på det arbeidet som vert gjort hos Ole G.

Sjølv om dei har mykje teknisk vanskeleg og spanande oppdrag for oljeverksemda og andre, har dei framleis med seg det gamle namnet Jærbu i gjødselpumpa som vert produsert i fleire størrelsar.

Då Ole G. hadde 70 års jubileum i 2008, vart dette markert med tur til Praha for dei tilsette med ektefelle. Dette var ein kjempetur, seier Magnus, så det spørs om dei ikkje må av garde på ny tur ved neste jubileum?

SR Bank Varhaug har dei siste 6 år delt ut ein næringspris i Hå, som både skal vera ei anerkjenning av næringslivet samstundes som det mellom anna vert lagt vekt på både nyskaping og gründerieigenskap. Tidlegare har det vore unge bedrifter som har fått prisen, men i 2010 gjekk denne gjæve prisen til ei av dei eldste bedriftene i Hå; Ole G. Nord-Varhaug & Co AS. I fylgje referatet i Jærbladet 10. desember 2010 sa banksjef Elin Garborg mellom anna dette ved overrekkinga: ”Gjennom stadig nyskaping, innovasjon, stor gjennomføringsevne og gode resultat, har vinnaren vakse frå å vera ein lokal liten smed, til å verta ei moderne maskineringsbedrift”. Prisen var kr. 25.000 i tillegg til eit flott glasfat frå Karen Torunn Haarr og diplom laga av Torild Serigstad Opstad.

Varhaugbuen takker for godt drøs med Magnus og den daglege leiaren John Arild, og ikkje minst for den gode informasjonen eg fekk under turen me hadde gjennom dei utruleg reine og ryddige fabrikklokala.

PS. At Ole G. ikkje berre er ei avansert bedrift, men og ein god arbeidsplass må vel Rolf Tjemsland vera eit godt døme på. Han byrja her då han var 16 år, og nå i sitt 68. år, er Ole G. same arbeidsplassen!

Ikkje nok me det; Ole G. som var nær 103 år då han døyde, var aktiv i fabrikkjen like til han fekk slag som 84 åring. Om han ikkje lenger arbeidde i fabrikkjen, var han likevel heile tida levande opptatt og interessert i det som gjekk føre seg i hallane, fortel sonen Magnus. Og sistnemnde som vert 75 i oktober, ser ikkje nokon grunn til å slutta å arbeida så lenge helsa er så god som nå. Han tok hofteoperasjon for eit år sidan og får dagleg god trim i alle trappene frå hallen til kontoret fleire gonger for dagen. Ganske imponerende, spør du meg!

Liv



Tre generasjoner Nord-Varhaug



Rolf Tjemsland



John Arild Nord-Varhaug (dagleg leiar) mottok næringsprisen av Kristin Søyland (Bankrådet) og Elin Garborg (SR-Bank).
Foto: Jærbladet.

Rapport fra Afghanistan

Viser til sist nummer av Varhaugbuen og bygdekvinnelaget sitt møte med Jane Kr. Bakken og Afghanistan. Der hadde me utlodning til inntekt for ein barneheim i Kabul. Jane var tilbake dit før påske, og nå er pengane brukt.

Halvparten, kr. 3.000 gjekk til kokkeskulen på barneheimen. Dei har kurs på 6 månader etter skuletid, der jentene lærer alt om hygiene og mat. Dette er noko av det viktigaste ei jente må kunna når ho skal giftast bort. Svigerfamilien sitt første spørsmål er oftast om dei kan laga mat. Kokkeskulen vert drifta økonomisk og fulgt opp av dei norske politifolka som er i Kabul, og er viktig for framtida til jentene. Utan den kunnskapen er dei endå mindre verd, og vert dårlegare behandla av svigerfamilien.

Den andre halvparten, kr. 3000 valgte politigeneralen å gje til ein barnehage tilknytta ein fabrikk der mødrene syr politiuniformer. Dei fleste er fattige enker med ein stor familie å brødfø. Ho valgte difor å kjøpa inn matolje, som dei brukar mykje av. Det vart kjøpt inn 80 kannar a 2,5 liter med god olje som vart delt ut i barnehagen med 39 barn i alder 0-7 år. Mødrene vart tilkalla, og politigeneralen snakka med dei og oppmuntra dei til å halda ut i ein vanskeleg



kvardag og fortalde dei om gáva frå Norge. Dei som hadde eit barn fekk 1 kanne, dei som hadde 2 barn fekk 2 osv. Dei synte alle stor takksemd, og Jane fortel at det var både eit godt og rørende møte.

Så her får de som var på februarmøtet til bygdekvinnelaget ein stor takk frå Politigeneral Shafiq og Jane!

Liv

Avduking av grunnfjellet



Arnstein Skretting hadde her ein kveld hagefest med noko han kalla “avduking av grunnfjedlet”. Dette var ein steinskulptur han hadde laga av ein liten stein med mange gode minne frå barndomsheimen. Flott musikk til arrangementet stod skulekorpset og gruppa Enigma for. Det var og grill og kos i tillegg til kanonball. Ein kjempegild kveld.

JHH



Stilling ledig som ungdomsarbeider – 30%

Varhaug Misjonshus er eit flott anlegg som ligg midt i Varhaug sentrum. Eigarane av misjonshuset er NLM, Normisjon, ImF og NMS. Formålet med misjonshuset er å fremja Guds rike heime og ute. I tillegg til arrangement for barn og vaksne er det på misjonshuset også eit aktivt ungdomsmiljø der ungdomslaget er hovudaktør.

Ungdomsarbeidar på Varhaug Misjonshus

Som eit ledd i å styrkja ungdomsarbeidet vart det i 2009 oppretta ei 30% stilling som ungdomsarbeidar ved Varhaug Misjonshus. Dette har vært ei vellykka ordning som vert vidareført, og vi søker ein motivert person i alderen 18-29 til denne stillinga.

Stillingsomtale

Ungdomsarbeidaren skal med utgangspunkt i Varhaug kristeleg ungdomslag (VAKRU) sitt arbeid og saman med styret i VAKRU ha ansvar for ungdomsarbeidet.

Ungdomsarbeidaren skal ha som siktemål å føra ungdom fram til ei personleg kristen tru og til vekst i det kristne livet ved forkynning og opplæring i Guds Ord.

Ungdomsarbeidaren skal arbeida aktivt for å fremja og byggja eit godt miljø blant ungdom på Varhaug. Vidare oppmuntra og inspirera ungdom til å delta aktivt i VAKRU, i Bibelgrupper og anna kristeleg arbeid. Evangelisering og diakonalt arbeid i vidaste tyding skal prioriterast.

Ungdomsarbeidaren samarbeidar tett med Ungdomslaget sit styre, og det vert i tillegg oppretta ressursgruppe og veileidar for ungdomsarbeidaren.

Personlege eigenskapar vil bli lagt vekt på.

Ta kontakt med Lars Erling Friestad på 415 32 643 eller lars.erling.friestad@lyse.net for meir informasjon. Søknadsfrist 15. juni.



Frå redaksjonen

I dag er det 24. mai. Til dette nummeret i fjor skreiv eg slik:” Nå er me komne til 25.mai, men det er ingen grunn til å synga ”Kom mai du skjønn milde” For det er vind frå nord og ganske kaldt. Eg var oppe på Elgane i kvellinga, og då kom det ei kraftig regnbøye med hagl...”

Eg har ikkje akkurat registrert hagl nå, men det er nok ikkje langt unna når dei i lokalen melde om 7-10 grader i fylket. Men om det ikkje haglar, så er det ganske surt. Men så får me berre vera glade for det flotte veret me hadde på 17. mai, så får det våga seg om me må til med både støvla og kanskje vinterklede. Men slik har det vore i mange år, flott i april, kaldt i mai og så kjem sommaren. (I alle fall av og til). Men nå er det først og fremst Varhaugmarken som står for tur, og då plar det som oftast vera flott ver. Men det er ingen ting me kan gjera med veret utanom det å ha seg høvelege klede når me går ut. Men for å vera ærleg så tykkjer eg ikkje det er ok med nærast haustvind i mai.

Og så vart det vulkanutbrot på Island igjen. Håper ikkje oskeskya vil skapa like store problem som i fjor, då omtrent all flytrafikk var lamma i heile Europa. Eg skal reisa til Island i pinsen. Det er ei stund igjen til det, så då reknar eg ikkje med at oskå skal skapa bry for meg. Eg var på ein liten busstur samen med Bryneheimen i går der me mellom anne såg på vindmøllene. Eg tykkjer dei er både flotte og imponerende, men det kan jo eg godt seia som ikkje er nabo med dei. Det er ikkje sikkert eg hadde vore like positiv til dei då, men det veit eg jo ikkje?

Eg vil ynskje bygda lukke til med Varhaugmarken.

Elles vil eg ynskja alle lesarane ein fin sommar.

Liv

Varhaug Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Maskinstasjon:

■ Skutresking
■ Traktor og dumper

Verksted:

■ Salg av landbruksutstyr
■ Salg av landbruksdekk/felger
■ Reparasjon av landbruksdekk
■ Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Kornåvold - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 59 00 -
Mob. 95 62 64 10 / 27 72 49 68

Aspirant og juniorleir på Refsnes



Luftgeværskyting var ein populær aktivitet i aktivitetsløypa.

Helga 20- 22. Mai var det igjen duka for aspirant og junior leir. Denne gongen på Refsnes, der me slo leir på friområdet mellom skogen og stranda. Fredag klokka 18 kom det 18 medlemmer, 3 aspirantledere og 2 klubbrådgjevarar frå Svala klar for ei helg i friluft kjørande med bilane fullstappa av telt og bagasje. Me skulle jo være i 2 netter. Resten av kvelden vart brukt til å sette opp og installere seg i telta, få i seg mykje grillmat og bli kjende med nye folk frå dei andre klubbane Sjøglimt, Solglimt og Vigre.

Lørdag vart frukosten servert 07.30 og medlemmane samla seg saman med nye bekjente, og tida fram til 12 blei brukt til å snope i kiosken, spille volleyball, kort, bli kjende med endå fleire og lage vennskapsband. Då klokka slo 12 var det duka for osteskjever på grillen. Etter maten var det ut på aktivitetsløype langs Nærlands- og Refsnesstranda og ned til hamna i voien. Runden i aktivitetsløypa var 4-5 timer lang med aktivitetane sandlottbygging, hesteskokasting, sekkeløp, kanopadling, vannbæring, luftgeværskyting, vardebygging og vann på planke. Svala hadde ansvar for kanopadling og luftgeværskyting. Her var me heldige og fekk hjelp av Roald Svendsen med luftgevær og 2 andre frå Jæren jakt og fiske på kanoaktiviteten. Linn frå Svala var med på vinnarlaget, sandlotta deira var så flott at det ordna seireren. Etter litt kvile var medlemmane klare for kveldsmat, som denne gongen vart kylling og ris. Etterpå var det duka for volleyballturnering, som Svala vant for 3 år på rad. Med på vinnarlaget var; Malin, Linn og Seghen, Jesper, Tobias, Mattis, og Andreas. Varhaug kan få ein kjempebra volleyballspelar i Mattis, snakk om serveess. Koseleg underholdning og premieutdeling vart det og i løpet av kvelden ☺



Mattis med sine fantastiske server.



Ein velfortjent pust i bakken.



Vinnarlaget i frå Svala 4H

På grunn av dårlige værmeldinger til søndag vart lavoane tatt ned laurdagskveld. Det blei og beslutta å avslutte leiren tidligare på søndagen for å få ned telta før regnet kom. Og 6 medlemmar frå svala reiste heim lørdagskveld/natt på grunn av sjukdom, kulde og nedblåste telt. Alt i alt ein utruleg gild og hallvegs kald tur, med mykje kort og ballaktivitetar. Gilde ungar og godt humør, hallvegs ver og godt samhold! ☺ Takk for Turen!

Tusen takk til Hege som var med oss store deler av helga, til Jon som var med på aktivitetsløypa langs sjøen, til Siri, Ane og Agate som var med og laga den gode middagen til laurdagskvelden, til grillkokkane Tommy og Edvin og til Elisabeth og Karen som brukte nattetimar på å passe på oss i vinden.

Hanne og Camilla

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule. Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Inger Haugstad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H/BU

Styremedlem

Elisabeth Lutsi, bondelaget

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Ole Andreas Aarsland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav
ein gløymleklednad god.

Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grennd "

Om vind frå Høg-Jæren og grus i stasjonen

Det er lite nytt frå bygdefronten. Bin Laden sin gøyme-plass var ikkje i eit hus i Dublandsfeltet. Ingen protestaksjonar møtt med vasskanonar har funne stad hjå oss. Politi med tåregass og peparspray saman med militære med tanks er svært sjeldan å sjå på torget framføre rådhuset på Varhaug. Torget vårt har ikkje ein gong eit namn. Dei folkevalde bør gripe tak i saka ved første høve og syte for eit velklingande namn. Gjerne eit namn som kan vere lett å uttale for utlendingar dersom CNN eller Al Jazeera skulle kome på vitjing når det skal hestehandlast om posisjonar og konstallasjonar komande valnatt. Plassen, pynta med utanlandsk stein, som om det ikkje skulle vere stein å finne på Jæren, kan til dømes kallast The Mjåtveit Square. Etter valet i haust kan dei nyvalde politikarane for eksempel endra namnet til The Skrettingland Place.

Noko har forresten endra seg. Vegstandarden i stasjonen har ikkje vore på topp den siste tida. Det har gått frå vondt til stadig verre. Til tider har det vore retast å samanlikna enkelte vegstubbar med slik vegane ser ut i Sierra Leone eller Tanzania i regntida. Utføre Mix-kiosken såg det ei tid ut som det gjer på ein ugjestmild og utbomba kjerreveg i Afghanistan. I løpet av ein lengre periode var det uråd,

sjølv for ein innfødd og lokal-kjent, å finne vegen til Felleskjøpet.

Me arrangerte ved eit høve ein selskapsleik heime hjå oss i samband med eit festleg samkome. Bilrebus. Ein pose med Twist til den som først finn fram til Felleskjøpet! Ingen kom i mål, men konkurransen resulterte i at ein ny Volvo fekk ubotelege skader på understellet etter å ha køyrt i sikksakk på Ånestadvegen, medan ein av sjåførane fekk konstantert indre blødingar etter å ha kjørt for fort i humpane utføre Halvorsen Fargehandel.

Det var ei tid med naud og neppe råd å finne fram til matbutikkane. Dei som ville sikre seg åndeleg føde på misjonshuset var verre stilt. Inngangsporten til misjonshuset likna ei stund ein mislukka påskelabyrint, og det skulle meir til enn alminnelig bibelkunnskap å finne den rette, smale vegen mellom anleggsmaskinar, villeiande skilt, leirhaugar og svære hol i bakken.

På Iden skjer det også saker og ting som inkluderer grushaugar og svære hol. Det heile skal ende opp med banar med varmt vatn frå middagsprodusenten Fjordland under grassvoren. Du store under og harrliga London for eit anlegg. Arbeidet har vore i full gang ei tid og ingenting tyder på at varhaugsbuen har gløymt kva dugnadsarbeid er for noko.

Går eg bak løa vår og rettar blikket austover er det uråd å ikkje oppdage endringar. Bak løene til bøndene på Skrettingland har det kome på plass enorme vifter. Framsynte jærbyar har vore innovative og har teke klimaendringane på alvor. Tenk så greitt for bygda. Ein slags gigantisk aircondition som presser kjølig luft frå Høg-Jæren ned over bygda vår på glovarme sommardagar. Her får bøndene mykje gratis som kompensasjon for det elendige landbruksoppgjeret. No kan dei bestille vind frå aust og få høyet lagringstørt i ein fei. Som om ikkje dette var nok, dei dagane me ikkje treng kunstig vind, produserer viftene straum av naturlege vindar. Snakk om framsteg.

Men elles er det lite nytt å skrive om. Varhaug er ei så fredeleg bygd at folk snart ikkje ein gong treng å låse dørene. Me får setja vår lit til lokalpolitikarane. Kan hende dei greier å skipe til litt action. Det er trass alt valår og då plar både parti og listetoppar ha eit visst behov for å markere seg. Kanskje får me ny ordførar på rådhuset frå hausten av. Mjåtveit kan risikere å få avløyning etter åtte år med eit tungt kjede rundt halsen. Det er fleire som ønskjer seg den taburetten, deriblant herrane Skrettingland og Skrettingland frå Varhaug.

Min stemme går til dei som kan love å snarast tette igjen alle hola og legge asfalt på grusvegane.

Sjur

Hå skulesjakk

For Vaksne er det ståande tilbod om å kome til Hå kulturtorg, Vigrestad på torsdagar etter skulesjakken, frå kl 1900 til 2100. Då er det nokre gubbar som spelar. Kanskje det vert speling også i sommar.

På Nærbø har me ei lita gruppe elever som samlast tirsdagar fr 1730 til 1845 på Bø Skule. Men på Vigrestad er det mange fleir, gutar og jenter frå 2. klasse spelar sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i ”kulturtorget Vigrestad”, og siste dag før sommeren er 9 juni.

Kvart semester har me intern turnering der alle spelar mot alle, og siste kvarteret er det undervisning med bruk av stor sjakktavle. Fleire av medlemane i klubben har delteke i BGP-turneringar rundt i Rogaland, og me sponsar deltaking i NM.

Ha en god sjakk-sommer!

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



Stillingen i klubbturnering pr i dag:.

Nr	namn	poeng indeks	parti	poeng
1	Guri Høidahl	0.87	15	13
2	Martin Norheim	0.83	40	33
3	Erlend Haaland	0.76	40	30.5
3	Sven Lassen	0.76	46	35
5	Morten T. Salte	0.66	46	30.5
6	Elias Aarsland	0.63	32	20
6	Hamid Yadgari	0.63	35	22
8	Magne Stangeland Hårr	0.60	25	15
9	Oddmund André Alsåker	0.55	10	5.5
10	David Gulaker	0.50	21	10.5
11	David Løge	0.48	46	22
12	Alisina Yadgari	0.46	40	18.5
13	Josef Auklend	0.45	40	18
14	Eilin Auklend	0.40	24	9.5
15	Eivind Lundemoen	0.31	29	9
15	Bernt Håland	0.31	27	8.5
17	Martin Kvia	0.30	10	3
18	Johannes Ueland	0.30	15	4.5
19	Jonas Apneseth	0.28	48	13.5
20	Even Håland	0.20	30	6
21	Jonatan Løge	0.19	13	2.5
22	Mathias Gulaker	0.17	12	2
23	Ina Vold	0.14	14	2



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15




Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no





Gullgutten Kjetil i cup finalen

Kjetil Aanestad

Eliteseriespelar handball på Elverum

Kjetil Aanestad er nå 24 år og har spelt 2 sesonger for Elverum i eliteserien i håndball.

Han har nettopp skrevet under ny kontrakt, så han blir Elverum-spelar også sesongen 2011. Han forteller at han og sambuaren frå Nærbø trivst veldig godt i Elverum, og dei har ingen planar om å koma tilbake til Varhaug eller Jæren med det første.

Kjetil starta håndballkarrieren sin i Varhaug Idrettslag, og det var lett å sjå at det budde noko spesielt i den lange, slanke guten. 15 år gammal gjekk han så over til Nærbø der han fekk utvikla seg vidare som spelar, og fekk trening blant eldre spelarar og blei fast som kantspelar. Han spela på G16 laget og Herrelaget til Nærbø før han reiste til Elverum i 2009 for å prøva seg i Eliteserien.

Nå er han fast som høgrevning i startoppstillinga hos Elverum, og gong etter gong får han store overskrifter i avisa, med skryt som toppscorar og solid vingspel. Nettopp nå hadde han eit avbrekk då han fekk albogen ut or ledd. Beinnet stod rett ut, og det såg verkeleg stygt ut, så då var trenar Christian Berge bekymra for sluttspelkampane som då sto for tur. I år tapte laget finalen mot Haslum, men i semifinalen sluttspel mot ØIF Arendal vant Elverum 28-23 og Kjetil vart toppscorar og kåra til Elverums beste spelar.

I fjor blei laget Norgesmester da dei vant finalen over Drammen i Spektrum. Ein delegasjon av kamerater og familie reiste bort som heiegjeng til kampen, og dette set Kjetil stor pris på. Kjetil var blant de fra Hå som fikk tildelt kommunens utmerkelse som norgesmester ved tilstelinga 1. nyttårsdag på Jærmuseet.

Kjetil har 80% på jobb hos Oppfølgingstenesta Frisk som hjelper unge mellom 18 og 25 år å koma i aktivitet og arbeid og få tilbake struktur på livet sitt. Han har heile dager mandag og fredag, mens han resten av veka kan leggja opp arbeidet etter trening og håndballaktivitet.

Kjetil var årsak til at Varhaug Idrettslag sine tilskodarar på seriekampen mellom Viking Stavanger og Elverum skapte store avisoverskrifter, då dei heia på Kjetil kvar gong han fekk mål, og dermed blei heiegjeng for bortelaget. Elverum fekk ein knepen 40-39 seier i Stavanger, og Kjetil scora 5 mål. Kjetil fekk mange positive tilbakemeldinger frå lagkameratane for støtta både han og laget fekk frå Varhaug tilskodarane.

Største forskjellen mellom Elverum og Varhaug, meiner Kjetil er klimaet. I Elverum er der skikkeleg kalde vintre med opp mot 30 gr. minus, men og varmare sommarver. Vind er der mest ikkje. Litt vind på Jæren er mest storm for Hedmarkingen. Men Kjetil seier og han saknar sjøen. Han og sambuaren har fått mange gode vener i Elverum, men dei saknar jo familieane og barndomsvenner, så det er alltid gildt å koma heim en tur.

(Journalisten hadde grudd seg litt til å "plage" Kjetil med intervju, men meir høfleg og imøtekomande ung mann har eg sjelden "møtt". Varhaugbuen ynskjer Kjetil lykke til med neste sesong.)

Inger



Kjetil i scoringsposisjon



Handball kan være harde tak



Kjetil som nærbø spiller med frimerke på nåværende trener Christian Berge



Dressurkurs for ku og kalv

Fredag 27.mai møttest ca 60 dyreinteresserte, frå 4 til 80 år, i Rongjå. Då var det klart for det regionale dressurkurset for ku og kalv.

Veret var kaldt, men det møtte opp folk frå Åmøy og Mosterøy i tillegg til heile Jæren. Her lærer unge og vaksne korleis dei kan temja ei ku og gjera ho klar til utstilling

Sigmund Rangen viste korleis ein kan binda opp ei utrent ku og la ho stå i band ein time, før Siv Hilde Rangen tok kua ut og mønstra ho, lett som berre det. Ungdomane fekk prøva å leia kyr i ringen, og Lene Iren og Siv Hilde Rangen, som er av dei fremste mønstrarane i landet, gav tips og råd om kva domarane likar og kva ein kan gjera for at mønstringa skal gå lettare.

Dei minste hadde mest fokus på kalvane, og korleis dei skal trenast sin eigen kalv og gjera han klar til utstilling. Alle fekk prøva å leia kvar sin kalv, og ungar og kalvar gjekk i fleire timar utan å

verta leie. Ungane fekk gode råd frå Siv Hilde, Lene Iren og Mathilde Mellemstrand. Etter så mykje "arbeid" smakte det godt med pølse og Tine-jus etterpå.

Inne i fjøset var det tevling i eksteriørdøming av ku. Reidar Eilev Time og Jonas Hadland, erfarne ringrevar og kudomarar, lærte oss korleis ei ku "skal" sjå ut og korleis dei hadde dømt kyrne som alle frammøtte hadde fått prøvd å døma sjølv. Det vanka fine premiar til tre stolte vinnarar av eksteriørdøming.

Så no er alle klar til å trenast sin eigen kalv gjennom somaren og mønstra han på kuutstillinga på Jærmessa, siste helg i august. Dersom du som les dette, òg har lyst å trenast din eigen kalv så start opp og kom på Jærmessa med han. Og har du ikkje nokon kalv, så spør ein bonde som du kjenner om du kan få trenast ein kvigekalv hjå han, for då får bonden ei gild ku seinare.

Velkomne!

Kristin Søyland





Det blir arrangert **St. Hans** feiring som er **åpent for alle** på:



Varhaug kr. ungdomslag

Varhaug kr. ungdomslag arrangerer sankthans feiring med oppmøte kl.19.00 på Misjonshuset. Turen blir bestemt etter været.
Program: Andakt, grilling, sporlek mm + stort bål.
Ta med mat drikke og stolar sjølv.
Alle er hjertelig velkommen



Ueland Forsamlingshus

Der blir arrangert sankthans feiring på Ueland Forsamlingshus fra kl.19.00
Alle tar med mat, grill å bord/stolar sjølv.
Vist det regner er me inne på forsamlingshuset.
Alle er hjertelig velkommen



Obrestad hamn

Kvart år blir det arrangert sankthans feiring ved Obrestad hamn.
Sjå annonsen i Jærbladet



Varhaug sentrum mai 2011

Dette er, etter min oppfatning, den flottaste årstida vi har på Jæren. Mye å glede seg over i Varhaug Sentrum for tida. Utbyggingsplaner, flytting av butikker (sist Lotus Blomster) ferdigstilling (når?) av veg på austsida av Jernbanelinja, pynting med blomster i bed og kasser, med meir.

Det er trivelig å sjå at Ryddegjengen holder "koken". Vår leverandør av sammenplantinger til Sentrumsstolpene advarer oss mot å henge de ut for tidlig, kvasse vårvind tærer hardt på, ifølge ekspertisen (Forstår nå ikke heilt det, at det ikke er "live" nok på Jæren!)

Varhaugsdagene nærmer seg og "Handelsstanden" pynter seg til dette. Det er ikke alltid så lett når noen aktører ikke ser viktigheten av å gjera nærmiljøet trivelig. Se bilde fra Jernbaneområdet. Veit ikke heilt om det kommer godt nok fram på bildet, men det er ganske utrolig at Jernbaneverket kan gå fra området sitt slik, og det midt i et bo-/forretningssentrum. Det er sterkt skjæmmende og oppfordringen til Jernbaneverket (ansvarlig i denne store organisasjonen) er at dette må det ordnes opp i straks! Her er det pynta med blomster utenfor Lotus i Stuelandsbygget og

rett over gata ligger halvstore trær, greiner og graps



Dette med søppel, søppelhåndtering, rydding og slik har eg lite privat opplegg på. Passer på noen større dunker i Rådhusgata. Noen tar seg til rette og kaster det som passer. Når en plastkasse kastes oppi plastdunken er det heilt greit, men når den plastkassen er halvfull med mold/jord, ja da er det ikke like greit. Det er til å bli litt oppgitt av, men eg gir meg ikkje!

Hå Kommune, og det er jo me det også, har laget mange flotte ordninger for å handtere vårt søppel så oppfordringen er jo å bruke det og ikke misbruka det, elle for å sei det på godt og vulgært jærs, ikkje drittingene fra deg, og igjen så gjelder **DET** Jernbaneverket au!

Rune Odland



Steinbukken i prestakrysset

Som vel dei fleste har fått med seg, så kjem denne på plass om ikkje alt for lenge. Dei held vist berre på med noko restaureringsarbeid av bukken for tida. Det skal verta gildt når den er på plass.



Strikke-kafè

Denne har nå ferie, men me starter opp med på ny frisk til hausten. Som før vert det første mandagen i månaden, og datoen er slik: 5. september, 3. oktober, 7. november og 5. desember. Alle er velkomne til ei lærerik kosestund med spødet.

Helsing Aud i bygdekvinnelaget.



Velkommen innom!



BØEN STORKIOSK
SPILL OG KIOSKVARER

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30



Gjelder heile juni

TIPPING **V75**
WWW.NORSK-TIPPING.NO



Bilete frå feiringa
av nasjonaldagen

17.mai på Varhaug



Feststemte
Varhaugbuar vandra
glade i året 17. mai tog.



Stor innsats
og glede på
aktivitetane.

Mange forskjellige
innslag i toget.



Varhaugmarken for 30. gang!

Årets marken er det 30. i rekken og arrangeres i år fredag 3. og lørdag 4. juni. Som vanlig vil mat, hygge og musikk iblandet med utehandel i Varhaug sentrum være dei viktigste ingrediensene. Nytt av året er barne/ungdomsgruppen 4U fra Drammen, som kommer og har konsert på fredagen. Også lokale sangkrefter som gruppa GMG, med Frank Håland, Jan Bø og Leif Ronny Madland og Oddbjørn Ueland, samt Kathrine Håland Varhaug underholder fra scenen i løpet av helga.

Varhaug Produsentlag arrangerer kalvemønstring for barn/ungdom. Dei har med seg 5 - 6 små kalver som barn/ungdom kan få prøve å "mønstre" i ein garde. Her blir det ikkje kåret nokon vinner, her er det deltakelse som teller. Dette er ein flott mulighet til å kome nærme innpå ei kalv, kanskje for fysiske gong?

Butikkane flytter ut i sentrum, og det blir salg av alt fra sukkerspinn til sommerblomster. Marken vil foregå i området mellom "gamle coopen", gjennom "Skretting smauet" og ned til Stuelandsbygget. Årets fredagarrangement i regi av idrettslaget, vil være i parkeringskjellene mellom gamle og nye Coop'en.

Me i markenskomiteen har lagt opp til eit variert program, med noko for ein kvar smak. Ongaløbet, Varhaugmilå, bruskassestabling, oppvisning fra VarhaugPulsen, mannekengoppvisning, hoppeslott, grilling og gratis frokost.

Innviter med deg venner og familie og ta turen på Marken. Me satser og håper på at været er me oss som det pleier, og at me sammen får ei knall kjekk helg i sentrum!

Program Varhaugmarken 2011

Fredag 3. juni

17.00	Marken er i gang
17.00	Spinningoppvisning v/VarhaugPulsen
17.30	"Ongaløbet"
18.15	Mannekengoppvisning v/Lars Gaute Sport
19.00	Konsert med 4U og Yngreskoret
20.00	GMG (Jan Bø, Frank Håland, Leif Ronny Madland og Oddbjørn Ueland)
21.00	Marken stenger for kvelden
21.00	"Fredags-treff" i parkeringskjelleren med Rune Bjerga i regi av VIL
21.00	«Voksenteltet» åpner
21.00	Marken stenger for kvelden

Lørdag 4. juni

08.30	Gratis frokost (til kl 10.30)
09.00	Salgsbodene og butikkene åpner
09.00	Jærbelgen
09.30	Zumbaoppvisning v/VarhaugPulsen
10.00	Varhaug Skulemusikkorps
11.00	Bruskassestabling
11.30	Katrine Håland Varhaug
12.30	Varhaugmila
13.30	Kalvemønstring
13.45	Zumbaoppvisning v/VarhaugPulsen
15.00	Marken slutt for i år
Det blir under hele marken salg av grillmat, brus, kaffe og kakemat.	
Steiking av potetkaker og lapper. Hoppeslott for barn.	

Sommerkonsert i hagen

Me sat i fjor haust i hagen sørføre huset og snakka om **Tobias Skretting**, at han var fødd i huset me bur i og at han vart 75 år i år. Ideen kom om å arrangera ein hagekonsert med fokus på ting han har skrevet, og dei som har fronta han mest: Vind i Garhol og Lappeteippe. Me tok kontakt med Torstein Obrestad som er sentral i begge gruppene, og han tende på ideen, og han har fått med dei fleste medlemene fra dei to gruppene.

Så her er den:

Sommerkonsert med Vind i Garhol Og Lappeteippe

I hagen sørføre huset sjå Hans Åsbjørn og Snefrid (Prestakrysset / Opstadveien 664)

Lørdag 6. august kl 16.00 – uansitt ver

Alle velkomne så langt plassen rekk. Ta med stol.

Parkeringsmulighet på Jæren Landbrukssenter

Gratis adgang

Salg av grillmat, øl og vin



Coop Varhaug

Fra Coop Mega:

Freia sjokoladeplater

200g ass.

kr **19,90**

Ånglamark maskinoppvask

30 tabletter

kr **12,90**

Fra Byggmix:

Gassgrill

m/ 2 brennere og vogn

kr **799,-**

Putekasse

kr **399,-**

Fra Interiørvædelingen:

Rester av blomsterkrukker

sett å 3 stk.

kr **149,-**

Høyang kjøkkenbestikk

pr del

kr **19,-**

coop

Varhaug ba

**coop
byggmix**

Vi har nå åpent alle

avdelinger

hverdager 8-21 og

lørdag 9-18

Velkommen innom!

Elgane har hatt en travel vinter med renovering av klubbhuset og har fått en flott oppfikkset gang, toaletter, vaskerom, lager og kontor for aktivitetslederne. I 2010 hadde vi flere store løp i alle 3 grenene, og i 2011 er det også mye aktivitet.

Motocross startet sesongen med påsketrening over tre dager med over 100 kjørere hver dag. Løpsesongen startet med All Star/åpent løp og så har vi nettopp, for 4. år på rad, gjennomført 1. runde i Norgesmesterskapet. Dette er et krevende arrangement, både teknisk og arrangementsmessig. Med over 200 kjørere, de fleste tilreisende, sier det seg selv at det er mye som skal klaffe for å få alt til å gå knirkefritt. Elgane Motorstadion så nærmest ut som en campingplass den helgen mesterskapet var, med campingvogner, busser etc. og ikke minst alle ungene som sykla rundt. For på løp er hele familien med, liten og stor. Det er både spennende og lærerikt å være med på et slikt arrangement, og Elgane er heldige som har så mange flinke dugnadsfolk som står på – fra tidlig morgen til seine kveld.

Tilreisende på trening og løp gir oss mange gode tilbakemeldinger, ikke bare har vi et flott anlegg og en super bane, men folk er så blide og imøtekommende. Elgane har et veldig godt navn i miljøet.

Crossen har det siste året fått flere nye kjørere, noe vi setter stor pris på. Vi har kjørere på alle nivå, og slik må det jo være i en klubb. Vi kan også skilte med å ha et medlem på landslaget, Magne Klingsheim. Han satser nå fullt på motocross, med planer om en proffkontrakt, og det er jo veldig kjekt. Vi ønsker Magne lykke til!



På Speedwaysiden er det for tiden god rekruttering. Mange små kjørere, fra fem år og oppover, prøver seg på banen. Det kommer stadig noen nye voksne også, og midt i har vi den stødige trioen Glenn, Lasse og Espen. De satser stort på denne sporten og legger ned utrolig mye tid på reising og stevner – en hel del også utenlands. Det skal bli spennende å se hva de får til Elgane skal være arrangør av Liga 500 ccm speedway 5. juni, sjå elganemk.no for meir info.

ATV er også representert på Elgane. De trener to ganger i uken og har et godt miljø. ATV skal arrangere Norgesmesterskap på Elgane 12. juni, her er også ventet mange tilreisende.

Søndag, tirsdag og torsdag er treningsdager på Elgane. I sommer skal vi prøve å holde åpen kiosk hver søndag, så da er det mulig å ta seg en tur opp for å se hva vi driver med og ta seg en is eller kaffi. Hvis dere er riktig heldige har vi vafler også. Søndagen trener alle grener, tirsdag er det motocross og speedway og torsdagen er forbeholdt ATV.

Det som er bra med motorsport er at det kreves at en voksen er med under trening når utøveren er under 16 år. Da krever det litt mer av foreldrene enn det kanskje gjør i andre idretter.

Dette året skal Elgane Motorsykkelklubb ha stand på Varhaugmarken. Det må det nevnes at de som har styrt mest med denne standen er gjengen fra speedwayen. Cross-folka er på stevne på Byberg den helgen, og ATV-folkene er på dugnad i forkant av stevnet 12. juni. Besøk gjerne standen og se hva Elgane har å tilby.

Elin



Varhaug bygdekvinneklubb på

gild dagstur til Eigersund



Torsdag 26. mai tok 17 friske damer turen sørover med Vigrestad Buss. Første stopp var Fajanssemuseet, der me fekk ei god og interessant omvisning og kjennskap til fabrikken frå starten av. Me fekk og god informasjon om dei ymse produkta som fabrikken hadde laga. Deretter gjekk turen til Eigersund Chokoladefabrikk & Co. I tillegg til å verta vamt motteken av ei sprudlande og opplagt "bestyrerinde" Irene Tunheim, som fortalde om starten på denne verksemda, fekk me servert kaffi og konfekt i mange varianter + at dei som ville kunne dyppa ein marshmallow i varm sjokolade,

ummm... I tillegg til Irene, som var eit fyrverkeri av ei dame, arbeidar det 3 andre damer med produksjon og sal; tilsamen har dei 3 årsverk. "Ekte håndlaget konfekt" står det på visittkortet, og her var verkeleg alt handarbeid, og det med ein utrueleg god smak. I tillegg til konfekt var det mange sjokoladefigurer ein kunne få kjøpt, ja til med bordkort i sjokolade gjekk det an å bestilla. Ved oppstarten hadde dei fått tilskot frå kommunen og SRBank i tillegg til at dei hadde selt andelsbrev. Irene arrangerte og kurs i butikken, så her var det berre å ta kontakt viss ein var interessert i det. I tillegg skulle dei og koma

til Vigrestad dagane i august. Dei har noko å gleda seg til! Ein gong i året hadde dei generalforsamling med grill og kos for andelshavarane m/familie, og dette var alltid eit vellukka arrangement

Det var mange av oss som gjekk ut av denne butikken med litt ekstra snop i veska. Etter litt mat og ein rusletur i byen. tok me på heimtur, men først måtte me inno m blomesalet på Tengs. Ein gild tur med noko både for hovud og mage og så litt til dei heime og hagen. Bygdekvinneklaget ynskjer nå alle ein fin sommar, men først treffest me på marken.

Liv



SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Solarium
"Det er stor helgesvinn
med et godt D-vitamin-tilskudd"
Hage & Salongen AS
Kerastase
L'Oréal
RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Gamla Coop-bygget

Varhaug



Den nye eigaren v/Steinar Haugseng opplyser på henvending frå Varhaugbuen at halva arealet er disponert, men det må litt meir til før dei går i gang med innredningsarbeid. Han arbeider kontinuerlig mot potensielle leigetakarar og vil blant anna ha inn apotek, og det arbeidast med planar for ein spennande møteplass ved Turid Skretting og Liv. Lekeland kjem straks det vert aktivitet i bygget. Parallelt med utleigeplanar arbeidast det med utbyggningsplanar. Etter møte og førehandskonferanse med Hå Kommune er Haugseng i gang med teikning av ca 30 terrasseleiligheter for 50 pluss, planen er å få sendt rammesøknad før ferien. Han prioriterar godt bumiljø så det skal vera eit stort ute/fellesaral mot sør på taket av gamlabygget.

Varhaugbuen meiner det er behov for apotek på Varhaug og kva med ei bilforretning i sentrum, her trengs både store og små virksomheter. Me kan vel ikkje fortsetta å kalla det for gamla COOP bygget, Varhaugbuen tar imot navneforslag og vil bringa dei vidare til eigaren.

Jon Harald Håland

Få huset sommerklart!



BARON ULTRA
10 ltr emb
1398 kr



DRYGOLIN
OLJEMALING/
DEKKBEIS
10 ltr emb
598 kr
Før 788 kr

Markens tilbud!

FARGERIKE HALVORSEN
Varhaug
Tlf: 51 43 61 00

FARGERIKE



Varhaug bygdekvinnelag

Har nå lagt bak oss vårsesongen med fleire av medlemmane på lærerikt kurs i januar, foredrag om Afghanistan i februar, gildt sonemøte på Undheim i mars og årsmøtet i Rogaland bygdekvinnelag i Haugesund. Aprilmøtet var lagt til eit besøk i Kølherpaviljongen, og i mai var det tur til Egersund. Varhaugmarken i mai er vår siste "post" på programmet før me tek ferie til august. Då kjem først den årlege basaren før årsmøtet i september. Fast møte dag er alltid siste torsdag i månaden, om ikkje noko anna vert annonsert.

Me har fått nokre nye medlemmar den siste tida, men det er framleis plass for fleire. Og med nye folk kan det koma nye idear om kva laget kan driva med. Me er jo oppteken av både det kulturelle og det sosiale livet i bygda, men me er og opne for nye ting som kan dukka opp. Reklamen på ein brosjyre frå bygdekvinnelaget sentralt "Spinning, ja takk begge deler" tykkjer me er ganske god.

Helsing styret



PRESSEMELDING

Det ble på årsmøte 25. mars 2011 valgt nytt styre i Varhaug Bedriftsforening. Styret består av:

Ingeborg Lea Omdal - Leder / sekretær

Håvard Skretting - Nestleder / styremedlem / kontakt Varhaugmarken

Heidi D. Bø - Kasserer / styremedlem

Ivar Jaarvik - Styremedlem

Gunn Tone Grude Bratland - Styremedlem

Bjarte Kydland - 1. varamedlem

Kine Nord-Varhaug - 2. varamedlem

Varhaug Bedriftsforening har som formål å fremme handelen og medlemmenes interesser. Foreningen er en dialogpart overfor kommunen, og har i flere år bl.a hatt fokus på etablering av næringsareal på Varhaug. Foreningen bidrar også, i samspill med kommunen, til å holde sentrum ryddig og innbydende, og til å stimulere til aktivitet i sentrum. Velkjent for befolkningen i distriktet langt utover Varhaugs grenser er Varhaugmarken, som foreningen i år arrangerer for 30. gang, dagene 3. og 4. juni. Som medlem opptas handlende og næringsdrivende som er hjemmehørende i, eller er knyttet til, virksomhet på Varhaug.

Ein møteplass i sentrum

I sist nummer av Varhaugbuen skreiv me om Rune Odland som opna dørene for Turid Skretting og andre som ynskte å få til ein stad med aktivitetar i sentrum. Dette har ved fleire høve frå kommunalt hald vorte omtala som ein "Seniorkafè". Dette opplegget var ikkje akkurat tenkt som ein vanleg kafè, men ein stad der folk kunne møtast til ulike aktivitetar, eller berre heilt uformelt stikka innom for drøs eller anna. Då var det naturleg å servera kaffi, utan at dette skulle vera ein kafè. Då tykte me og det kunne vera naturleg at Frivilligsentralen kom til Varhaug ein dag. Me har vore i kontakt med kommunen om kor me ynskte å vera med desse aktivitetane, og fått i oppdrag å finna ut kva som må betalast i husleiga for å få til noko i sentrum. Sidan Turid går på krykker, og ingen andre tok kontakt vart det ikkje noko av tilbodet frå Rune i første omgang, men kven veit..... I alle fall Rune, tusen takk for tilbodet, du forstår kva det går i!

Håpet til Turid og underteikna er at me kan få ting på gang nå i sommar, slik at aktivitetar i ei eller anna form kan ta til når det vert haust.

Liv Hoberstad





Varhaug Bygdeungdomslag

15-17.april reiste Varhaug BU opp til Krågeland feriesenter på luksushytte for å slappa av ei helg.

Me fekk en forespørsel i mars av Olav Madland om me hadde lyst til å sørge for vakter og folk til å ha kontroll på forfriskningane på Silo & Saft sin årlige påskefest. Dette sa me ja til og ordna en ca. 10 personer til å gå dugnad på Skjærtorsdag. Mange hundre hadde møtt opp til en festaften der Silo & Saft fyrte gang på både gamle og nye slagere.

Me satt igjen med overskuddet for baren, og sier takk til Silo & saft for forespørselen og hjelper gjerne til igjen neste år.

Dagen derpå, altså 22.april hadde me quiz på Stallen Pub på Bryne. Over 60 stk hadde møtt opp for å delta på den etter kvart så populære pub-quizen vår.

På nasjonaldagen hadde me planlagt å fyre opp grillen og spille litt volleyball ved internatet, men grunna værforholda så trakk me heller innendørs etter grillmaten var konsumert og satte på ein film.

Framover har me planer om å hjelpa til på Jærdagen, siden Rogaland Bygedungdomslag en andel på

litt over 40% der. Så skal me ha stand på Varhaugmarken.

Skulle egentlig på telt-tur 20-22.mai, men denne vart utsett p.g.a stygt vær.

17.juni har me igjen quiz på Stallen Pub.

24.juni har me bilrebus

Utenom dette ser me fram til Landsstevne som i år vart arrangert av Rogaland Bygdeungdomslag. Plassen vart Nærland, der det også var i 1991.

Varhaug bygdekvinnelag

Sonemøte

Tirsdag 15. mars var det sonemøte- et møte for alle lagene på Jæren-, på Undheim forsamlingshus. Kveldens kosør var Tor Obrestad. han fortalte om Hulda Garborg. Det har stort sett vært Arne Garborg man har hørt om, så det var kjekt å få vite litt mer om Hulda Garborg. Hun ble framstilt som en sterk og intelligent kvinne som gjorde mye for norsk kultur. Hun har også forfattet flere bøker, og det er det kanskje ikke så mange som er klar over. Tor Obrestad hadde også med seg en del av sine bøker om Garborg for salg, og salget gikk godt. Menyen var blomkålsuppe med brød og det smakte veldig godt.

Det var også fine musikkinnslag med mange kjente melodier, og kvelden ble avsluttet med utlodning.

Overskuddet på dette møtet gikk til det nye Garborgsenteret på Bryne. Det var over 100 frammøtte, og det var også godt frammøte fra vårt lag.

Køhlerpavljongen

Torsdag 28 april hadde Varhaug bygdekvinnelag samling i Køhlerpavljongen. Ingeborg Gudmestad Voll ønsket velkommen. Bygget er fra 1860. Det har vært flyttet flere ganger, siste gang i 2007. Det har no loft og kjeller. Listverk og dører er originale, ellers er det noe gammelt og noe nytt. Bygget var veldig fint.

Det var Johan Mandius Køhler som hadde fått bygd huset, og det var mange fine folk som hadde vært på besøk i tidligere tider. Nå også bygdekvinne!

Da Køhler kom til Næsheim kjøpte han flere gardar og husmannsplasser, så han hadde 2300 da. jord. Han hadde jordbruksutdannelse fra Danmark og bygde nå sitt eget meieri. Han drev også som skipsreder i Stavanger. Da han gikk konkurs var verdiene hans store som 2 statsbudsjetter! Vi fikk servert lefs, gome, kaffe og rabarbrasajt. Det var viktig at havre og rabarbra var med i maten nå som før.

Det var en gild kveld. Vi fikk mye opplysninger og mye historie.

Kapellet på Varhaug gamle kyrkjegard

Eg fekk eit tips av Theis Stueland om å skriva litt om kapellet, sidan me heilt frå starten av den “nye” Varhaugbuen har hatt det som kjennemerke. Frå kyrkjekontoret har eg fått oversendt kopi av eit brev som Asbjørn Stueland sende 15. desember 1993 til kommunen og kyrkjeverge Guttorm Nygård.

Før andre verdenskrigen var kyrkjeklokka frå Varhaug gamle kyrkje teke vare på og hengt opp i eit lite tårn, slik at den kunne brukast ved gravferder. Dette tårnet vart rassert av tyskarane, og etter krigen vart det i Varhaug sokneråd diskusjon om å få klokka oppsett att. Det vart søkt om kommunalt tilskot til dette, og dei fekk innvilga kr. 4.000. I 1951 vedtok Varhaug sokneråd å setja klokka opp att nokolunde likt det som hadde vore før. Asbjørn Stueland (far til Theis) teikna så kapellet, og byggmeister Ludvig Husveg sette det opp. Tilskotet frå kommunen strakk ikkje til, og dei måtte berre bruka eternitt på taket. Seinare testamenterte Guri Aanestad pengar som skulle brukast til glasserte panner, som kom på plass nokre år seinare. Eg siterar her frå brevet Asbjørn Stueland sende: “Jeg har tillatt meg å komme med denne historikk. Jeg er veldig glad over at kapellet kom opp, og for den nyskapning og vedlikehold som Hå kommune foretar. Lykke til”

Red.anm. Veldig hyggelig med slike innspel til Varhaugbuen. Er det andre som har noko dei meiner kan vera av interesse å lesa om i bladet, så er det berre å ta kontakt med Liv.



SPARING

Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon 02002 eller se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank
SR-BANK

Varhaug Misjonshus

50 års jubileum

Det er litt skuffande at det gilde 50-årsjubileet for Misjonshuset – i etterkant- har fått så lite oppmerksomhet. Derfor vil eg prøva å skriva litt .

Det var den 17. desember 2010, på dagen 50 år etter vigslingsfesten i 1960, at Huset var fullsett med festkledde og glade mennesker i alle aldrar.

”Husorkesteret” spela nydeleg musikk medan folka samlast. Misjonshustyret sin formann, Toralf Liene, helsa forsamlinga frå styret. Karsten Skrettingland gav oss nokre herlige tonar gjennom saksofonen sin, -før Astrid G. Varhaug las prologen ho skreiv til jubileet. (Den står å lesa i No. 1 i Varhaugbuen 2011.)

Den vidare gangen gjennom festen var det Kjellaug Aanestad Varhaug som leia. Nå fekk me høyra friske og herlige sanginnslag, både frå Yngreskoret og Hananja.

Festtalen var ved Leon Dyngeland. Du verden for ein fargerike personlighet både i skjemt og alvor. Fyrst takka han for tilliten, å få delta i festen,- og mimra om kor viktig det var å alltid lya Grete, - Håland,- som i si tid var læraren hans – og nå var det ho som hadde spurt han om å koma til festen. Han fekk og ” smetta” inn at hadde det ikkje vore så forskjel i alder,- så hadde kanskje Svein Kåre vore ungkar ennå. Vidare kom han innpå kor trygt og godt det hadde vore å få veksa opp i Misjonshusmiljøet på Varhaug. Kanskje mange her i kveld har tenkt at ” mitt” arbeid gjennom søndagsskulen, eller yngres, barnelag, ungdomslag eller misjonslag og forening har betydd så lite. Men for ein som har flytta ut or bygda og ser tilbake, så kan eg sjå dei for meg,- der dei trufast møtte opp år etter år. Og hadde me ” gløymt” i Ungdomslaget å spør etter talar ein kveld, ja , så kom ”Svenne” (Svein Håland) med lommaplaget, eller ein av

dei andre ”vaksne” og så var kvelden redda. Og hadde me lite pengar å rutla med , fekk me beskjed frå Ådne på Toppen:” Kom til meg så ska me ordna dæ.”

Som tilhøyrar gjorde det verkeleg godt å få slik ei vinkling av arbeidet på Misjonshuset, gjennom Leon.

Dei som sår med gråt, skal hausta med fryderop, seier Bibelen.

Etter ei herlige matøkt i matsalen, vart det min tur. Eg hadde takka ja til å ta meg av historikken. Den skal eg ikkje koma inn på her. Men etterpå var det Odd Dubland sin tur med sang, helsing og tale. Det var så velsigna å få lytta til han og.

Elles må nemnast kor stort det var at Solveig og Harald Skretting var saman med oss denne kvelden. Harald var formann under byggeperioden for minst 50 år sidan.

Yngreskoret hadde ennå ein opptreden i avslutninga av festen,- der dei hadde kvar sin ballong i handa der det stod:” Eg er Misjen si framtid”. - Flott.

Under blomsterdrysset til slutt, takka Odd Dubland med fylgjande komentar: Det var ein kar som skulle opp til eksamen i botanikk. Der stod forskjellige planter i ei bøtte. Så spurde sensoren:” Kjenner du noen av desse plantene.” - ” Nei, det eneste jeg kjenner er bøtta til vaktmesteren,” fekk han til svar.

Takk for fin fest til alle, som kom og var med.

Sigbjørn Varhaug



Leon Dyngeland og Odd Dubland var talarar



Harald og Solveig Skretting



Festleiar Kjellaug Aanestad Varhaug

Nytt frå Misjonshuset

Så var det nytt nummer av Varhaugbuen- og frå Misjonshuset kan vi melde om fullt kjør.

Misjonshuset sine eigarorganisasjonar og ungdomslaget har begynt med nye felles samlingar annankvar sundag (oddetalsveker). Her er det mykje lovsong og eit anna opplegg enn på dei vanlege møtene. Med frukt- og kaffidrøs i gangen. Kom og sjå og høyr og opplev!. Sist sundag (15. mai) var temaet ”Nåde” og me hadde besøk av ein tidlegare kriminell som fortalde korleis Jesus gjorde han fri frå narkotikahelvete og eit liv fylt av vold og fengsel. Brått vart liver forandra, og no jobber han som forkynner og med undervisning om ”den smale vei”!

Misjonshuset har hatt en stilling ledig for ungdomsarbeider. Den hare stått ledig sidan sist sommer og me vil nytta sjansen til å ha med utlysinga her i Varhaugbuen. Så om nokon er interessert, elelr veit om nokon det kan høve for, så er teksten å finna annan stad i bladet.



Normisjon, ein av dei fire eigarorganisasjonene, har tradisjon med stemne i hagen til Ole Andreas og Mildrid Aarsland på Dysjaland. I år vert det sundag 5. juni, rett etter Varhaugmarken. Det vert grilling, tale ved Magnus Nebdal. Trekkspillklubben deltek med song og spel, og det vert konkurranser. Grill er varm frå kl 1300 og samlinga starter klokka to.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til internettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808

På nettsida er Misjonshusbladet lagt inn som PDF-fil, og dermed kan det lesast av alle som har Adobe Acrobat reader på PC'en. (Og det programmet er gratis og kan lastas ned frå Adobe)

Velkomen til Misjonshuset.

Per Arvid

Ekstra nytt frå Misjonshuset

Time Sparebank har 100års jubileum i år, ble det delt ut hjertestartere! Det ville bli loddtrekning av 10 startere. Alle som ønskte det kunne melde sin interesse.

13 organisasjonar fikk kvar sin, og en av disse er Varhaug Misjonshus.

Nærbø røde kors vil stå for kursing i førstehjelp og bruk av slik starter.



På 17de mai festen var det eit ekstra innslag i programmet: Jonas Håland vart tildelt kongens fortенestemedalje i sølv for 40 år som sundagsskulelærer på Auestad Sundagsskule. Ordføreren deltok på festen og delte ut medaljen. Bilete frå utdelinga er tatt med i bladet. (foto: Sjur Håland)

Trimgruppe for voksne på Varhaug



Frilidrettsgruppa i Varhaug idrettslag starta onsdag 16. mars opp ei ny trimgruppe for voksne i samarbeid med Folkepulsen i Hå. Målet med trimgruppa er først og fremst å få fleire voksne personar i aktivitet. Trimgruppa samlast to gonger i veka; ei lett joggegruppe på mandagane og ei gågruppe på onsdagane. Etter kvar trening er det lett basis styrketrening i gymsal etterpå. Like viktig som den fysiske aktiviteten er det sosiale og drøsen vi har mens vi trener. Fysisk inaktivitet er ei av dei største helseutfordringane i vår tid. Menn og kvinner i 40-åra veg no i snitt over 5 kg meir enn snittet for 15 år sidan. Viss denne utviklinga fortsett, vil det få store konsekvensar for folk si helse. Ein halv time fysisk aktivitet kvar dag kan førebyggja type 2 diabetes, hjarte- og karsjukdommar, muskel-skjelettplager og kreft. Trimgruppa er eit tilbod som passar for alle, og er ein god mulighet til å koma i gang med fysisk aktivitet. Om du er aktiv frå før, eller om du ikkje har trena så mykje tidlegare så er du like velkommen til å bli med. I tillegg til trening har fysioterapeut Frode Skretting vore med og orientert om god trening og om kor viktig det er å vera i fysisk aktivitet. Kari Sjørusen frå Folkehelsa i Hå har og vore på besøk eit par gonger og gitt gode tips til eit betre kosthald. Dette vil vi også få meir av til hausten. Har du gått og tenkt på at nå må eg koma i gang med ein aktivitet? Eller går du kanskje tur av og til, eller jogger du aleine?

Møt opp, og bli med i trimgruppa du og!

Mandager kl.19:30 på ungdomsskolen

Joggegruppe (lett jogg), styrketrening i gymsalen etterpå.

Onsdager kl.19:30 Gågruppe på barneskulen

med styrketrening i gymsalen kl.20:00 og kl.20:45 for dei som går tur sjølv eller som bare vil vera med på styrketreningsdelen.

Ta med innesko til styrketreninga.

Har du spørsmål om trimgruppa, kontakt:

Åsbjørn Ueland, asue@statoil.com - tlf.: 902 18 414

Hildegunn S. Husveg, hhus@ha.kommune.no - tlf.: 992 14 806

Lars Erling Friestad, lars.erling@gmail.com - tlf.: 415 32 643



Kretsturnstevne for voksne

Helga den 18. og 19. juni arrangerer Varhaug IL for første gong kretsturnstevne for voksne. Det er påmeldt ca 320 deltakere spredt fra hele Rogaland - fra Haugesund i nord til Egersund i sør. Noen ønsker å overnatte på skole, mens andre har ordnet seg med privat overnatting, eller hotell-/motellovernatting i distriktet.

Lørdagen vil gå med til trening på programmene som skal fremføres søndag. Lørdagskvelden planlegger vi først en turnfest for stevnedeltakerne. Etterpå inviterer vi til dans som en vennefest. Så har du selv en gang vært turner, så kan det godt være at du treffer "gamle" kjente i Varhaughallen denne lørdagskvelden.

Selve stevnet med oppvisninger skal gå av stabelen søndag kl. 1300. Da blir det marsjering inn på den nye hovedbanen (som vi håper på og regner med) er ferdig til den tid.

Her blir det oppvisninger av folk i alle aldre – fra unge voksne til veteraner.

Vi i idrettslaget har arrangert turnstevne for barn tidligere, så nå gleder vi oss til å arrangere også for voksne. Kom til Varhaug idrettspark søndag 19. juni og se flotte oppvisninger i turn og gymnastikk.




Kvalitetskrokket
markenstilbud
kr. 299⁰⁰

Uemballerte brød
frå Sandnes bakeri, pr stk.....kr. **14⁹⁰**

Jordbær
Belgiske pr. korgkr. **19⁹⁰**

Potetkaker
Roxman pr.pk.....kr. **19⁹⁰**



Me griller pølser i gata

SPAR VARHAUG Tilbuda gjeld fredag 3. og lørdag 4. juni

"Strikkeklubben"

Me er ein gjeng bestående av 8 vel vaksne damer på Varhaug som kallar oss "Strikkeklubben". Felles for alle er at me har vore lærarar på Varhaug Skule og nå er pensjonistar. Me møtes eit par gonger i månaden og driv med handarbeid av ymse slag eller feirer eit eller anna. Fødselsdagar, ny bolig, opp-pussa hage og nye barnebarn er mellom viktige ting å gje oppmerksamheit. Me tek vare på kvarandre og deler sorger og gleder. Me reiser på turar i lag i inn- og utland, og Paris, London, Warszawa og Venezia er av dei byane som har hatt besøk av oss. Kino, teater og konsertar høyrer og med til kosestundene.

Det er ein gave å ha gode vener, og etter som me vert eldre, er dei gull verdt.

Biletet er teke då me hadde ein tur til "Prestegarden" i Audnedal. Me er: Kirsten Valen, Anne Brit Mattingsdal, Jorunn Haraldseide, Kjellaug Aanestad Varhaug, Gudrun Tora Husveg, Sigbjørg Hetland, Reidun Skretting, Marta Bøe.



Folkepulsen i Hå

Norges idrettsforbund, Rogaland Fylkeskommune og Rogaland idrettskrets har etablert eit felles prosjekt som heiter Folkepulsen.

Prosjektet er forankra både i Idrettspolitisk dokument, i Fylkestinget og i Kultur- og kirkedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet.

Målet er å få endå fleire funksjonshemma, eldre, personer med innvandrabakgrunn og inaktive vaksne i fysisk aktivitet.

Idrettsrådet i Hå har saman med Hå kommune starta samarbeid med Rogaland Idrettskrets om prosjektet Folkepulsen.

Hå er ein av 5 kommunar i fylket som er inviterte med på denne satsinga, og Hå kommune støttar prosjektet med kr.100.000,- i året i tre år.

Idrettslaga i kommunen stiller seg samla bak Idrettsrådet si satsing på Folkepulsen, og fleire av idrettslaga i kommunen har etablert gode tilbod til ei eller fleire av målgruppene.

Stoff-frist

Neste nummer av Varhaugbuen skal ut i veke 37 2011. Stofffrist er 1. september. Dette kan de enten senda direkte til: livhob@online.no eller berre leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer.

Bunadskurs

Varhaug bygdekvinnelag starter bunadskurs i september. Som vanleg med Helene Haugedal som lærar. Kurset vert annonsert seinare, men for opplysningar kan de ringa Liv Hobberstad 941 35 016.

Flytt sparepengene dine til oss!

Våre åpningstider

Mandag, tirsdag, onsdag og fredag: kl. 09.00-15.00

Torsdag: kl. 09.00-17.30

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no



Illustrasjon

TOPPASVINGEN

12 FLOTTE LEILIGHETER SENTRALT PÅ VARHAUG SELGES NÅ

Solrik og fin beliggenhet mot sør og vest

Leiligheter fra 67,7 til 93,8 m²

Priser fra 1.990.000,-

Ta kontakt for mer informasjon på telefon

51798680 Jærmester as

51436785 NettBygg as



TAKK...

Varhaugbuen vil takka alle som yt noko for dette bladet. Det gjeld dei som kjem med gode innlegg nummer etter nummer, alle annonsørane våre og dei frivillige som gjer ein god jobb med å få Varhaugbuen ut til alle postkassane i bygda, **Men ikkje minst** vil me takka for alle gåvene me fekk inn på den vedlagte giroen i sist nummer. Ved utgangen av april var det kome inn kr. 12.650. **Mange takk.**





**Velkommen innom
til ein trygg handel!**

NB! Utstyret følger ikke med



butikken

Møllevæien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70

www.mer.enn.du.tror.no



VVS EKSPERTEN
DET ER LØSVEGGEREN DET KOMMER AV PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag til fredag 07.00 - 16.00
Lørdag 09.00 - 13.00

*F.o.m. 20. juni t.o.m. 14. aug.
Mandag - fredag 07.00 - 15.00
Lørdag stengt*